



Olje- Og Energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Vår ref.:
22/4745 - 23/26394 / OYBA1

Dykkar ref.:
23/900

Dato:
12.06.2023

Merknad til forslag til program for strategisk konsekvensutredning av nye områder til fornybar energiproduksjon til havs

Kinn kommunestyre gjorde i sak 099/23 slikt vedtak;

Kinn kommune støttar at det vert gjennomført konsekvensutgreiing slik det går fram av framlegg til program for strategisk konsekvensutgreiing av nye områder for fornybar energiproduksjon til havs i høyringsbrev, arkivsak 23/900.

- 1. Auka behov for kraft til klimaomstilling, samt ein olje- og gassproduksjon som vil avta, vil skape ytterlegare behov for ny energiproduksjon. Skal ein klare den samla målsettinga bør ein auka produksjon av Havvind.*
- 2. Samtidig må vi ta omsyn til at urørt natur har ein eigenverdi og at andre næringar skal leve i sameksistens med og ikkje verte skadelidande på grunn av ny energiproduksjon – særleg er dette aktualisert rundt fiskeri og offshore havvind.*
- 3. Stortinget har vedteke at olje- og gassinstallasjonar skal elektrifiserast. Kinn kommune meiner at den krafta må kome frå offshore vind. Samtidig må ein sørge for at det går kablar til land slik at vindkraft også kan nyttast til fastlandsindustrien og bidra til større fleksibilitet i kraftforbruket.*
- 4. Fiskerinæringa i Vestland er noko av det mest bærekraftige vi har og må ikkje nedprioriterast til fordel for havvind.*
- 5. Kinn kommune har eit sterkt og kompetent maritimt næringsliv som kan delta i utvikling av nye arbeidsplassar innnan havvind. Departemenet må leggja til rette for nyskaping og innovasjon som støttar ei næringsretta satsing på havvind gjennom at målretta program for forskning, inkubasjon og andre incentiv tiltak. Tiltaka bør være særskilt innretta mot å utvikle områder med særskilte fordelar med tanke på koblingspunkt mellom havvind og sentralnettet, og må ha ein distriktsprofil.*
- 6. Konsekvensutredning skal utføres av faglig kompetente og uhilda instansar.*
- 7. Havforskning på marin bærekraft kontra havvind må styrkast kraftig for å ivareta "Førevar-prinsippet".*
- 8. Konsekvensutgreiinga bør mellom anna ta hensyn til:*
 - mykje sterkare satsing på ENØK*
 - oppgradering av eksisterande vasskraftanlegg og linjenett*
 - utbygging av geotermisk energi og solenergi*

Saksframlegget [Saksframlegget og handsaming i kommunestyret](#)

Helsing

Øyvind Bang-Olsen
kommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur